



Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 20/01075
Saksbehandler Jan Rune Jacobsen

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Planutvalet	07.06.2023	PS-34/23
2 Kommunestyret	15.06.2023	PS-34/23

Reguleringsplan E39 Ørskogfjellet - Vik

Kommunestyret har behandlet saken i møte 15.06.2023 sak PS-34/23

Møtebehandling

Kai Magne Stokkeland (AP) fremma forslag om å utsette saka.

Det vart bedt om gruppemøte.

Det vart halde gruppemøte.

Etter gruppemøte vart det røysta for eller mot utsetting av saka.

Forslag om utsetting av saka fall mot 4 røyster; Lars-Helge Eidhamar (UAVH), Kai Magne Stokkeland (AP), Martin Kjøpstad (V) og Dagfinn Wiik (PP). Saka blir behandla.

Forslag til nye punkt i tillegg til planutvalet si innstilling fremma i møte av Kai Magne Stokkeland (AP):

- 1) Presisere tidlegare vedtak om rekkefølgebestemmelse i VK om at Ørskogfjellet -Bolsønes må ferdigstillast SAMTIDIG
- 2) Forbikjøringsfelt for E136 og Skorgedalen med 6% stigning
Eksportvegen er like viktig som E39
- 3) Muligheten for ein samla reguleringsplan Vik -Digernes for å avklare avkjøring på Bythaugen må vurderast.

Det vart bedt om gruppemøte.

Det vart halde gruppemøte.

Etter gruppemøte trekte Kai Magne Stokkeland (AP) sitt forslag.

Forslag til vedtak fremma av Karsten Gjerde (KRF) på vegne av H, SP, AP, KRF, delar av UAVH, PP og V:

- 1) I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret reguleringsplan for E39 Ørskogfjellet – Vik
- 2) Vestnes kommune presiserer rekkefølgebestemmelse frå 2021 om at Vik-Ørskogfjellet må ferdigstillast samtidig som Vik-Julbøen

- 3) Forbikjøringsfelt for E136 opp Skorgedalen må med i plana, då Eksportvegen er like viktig som E39.

Votering

Det vart først røysta over innstillinga til planutvalet. Denne fall samrøystes.

Deretter vart det røysta for eller mot forslag til vedtak fremma av Karsten Gjerde (KRF).

Forslaget vart vedteke mot 7 røyster; Frode Gjelstenli (FRP), Anne Marie Fiksdal (FRP), Tor Egil Valldal (FRP), Knut Magne Flølo (UAVH), Anne Kristine Mediå (SV), Frank Schneider Villa (SV) og Mihai Ioan Spoiala (UAVH).

Kommunestyret sitt vedtak

1. I medhald av Plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner kommunestyret reguleringsplan for E39 Ørskogfjellet – Vik
2. Vestnes kommune presiserer rekkefølgebestemmelse frå 2021 om at Vik-Ørskogfjellet må ferdigstillast samtidig som Vik-Julbøen
3. Forbikjøringsfelt for E136 opp Skorgedalen må med i plana, då Eksportvegen er like viktig som E39.